

Kva gjer eg ved MISTANKE OM VALD OG SEKSUELLE OVERGREP MOT BARN?

- for deg som jobbar med barn, er offentleg tilsett, venn, frivillig osv.



SJÅ

Barn 0-6 år:

- Angst under stell og bleieskift
- Generelt engstelege, klamrande, sutrete og/eller sinte
- Skriketokter eller panikkanfall
- Forstyrre søvnmønster
- Emosjonelle og åtferdsmessige forstyrningar, t.d. samspelsvanskar
- Avvikande eller endra åtferd
- Generelle teikn på misstrivsel.

Fysiske plager:

- Utalte smerter i mageregion eller hovud
- Uttalt sårheit og smerte i underlivet, treng ikkje vere ytre teikn
- Ufrivillig vannlating og avføring etter at barnet er blitt reinsleg, eller at barnet regredierer og snakkar babyspråk
- Bløding, utflod og gjentekne urinvegsinfeksjonar
- Sårheit og raudheit i skrittet, rifter rundt endetarmsopning, problem med å gå
- Blåmerke etter fingrar på overarmar, hofter og lår

Psykiske plager:

- Søvnproblem og mareritt der barnet verkar panisk og utrøsteleg
- Barnet verkar fjernt og har i periodar stirrande blikk
- Barnet vert inneslutta, stille, engsteleg, apatisk og mimikkfattig. Særleg førskulebarn syner i større grad indre symptom enn ytre
- Angst for å bli tatt på, angst for bestemte situasjonar, angst for einkilde vaksne som kan gi assosiasjonar til overgripar
- Generell spisevegning eller i høve mat som kan minne om sæd eller kjønnsorgan
- Emosjonelle og åtferdsmessige forstyrningar som samspillvanskar, problem med å delta og å bli godtatt i leik
- Avvikande eller endra åtferd

Uttalingar:

- Direkte utsegn som gir indikasjon på at barnet er utsett for seksuelle overgrep
- Seksualisert språk. Barnet kan ord og uttrykk som det ikkje er vanleg å kjenne til for alderen
- Teiknar eller fortel om seksuell aktivitet som utifrå barnet sin alder eller modning ikkje er naturleg at barnet skal kjenne til
- Barnet seier det er noko dei ikkje kan eller tør snakke om, ein hemmelegheit.

Seksualisert åtferd:

- Viser seksuell åtferd som ikkje er vanleg for alder

Vurder teikn hos mogleg overgripar

Ver merksam på at faktorar som samlivsbrot, arbeidsløyse, sjukdom, trygd og rusmisbruk i familien kan bety auka risiko for alvorleg vald.

SPØR

Skap ein trygg situasjon slik at du kan spørje barnet om kva som har skjedd

- Bruk gjerne barnet sine egne ord
- Vær nysgjerrig og utforskande på det barnet seier samstundes som du tek vare på barnet
- Lat barnet snakke seg ferdig, du treng ikkje stoppe samtalen og gå inn i detaljar
- Vis at du bryr deg og har tid til å lytte
- Lytt til anklaginga eller det barnet vil fortelje. Ikkje oversjå , undervurder eller prøve å vekkforklare det som er blitt fortalt.
- Still eventuelle oppklarande spørsmål. Ikkje still leiande spørsmål.
- Legg til rette for samtale med barnet ved å bekrefte det barnet seier og bruke ordet "fortel".
- Ikkje vis dine egne synspunkt på saka
- Spør om tilhøvet er tatt opp med andre. Oppfordre til at mistanken ikkje vert tatt opp med andre før det er iverksett naudsynte tiltak
- Skriv ned det som vert sagt mest mogleg ordrett, skriv ned spørsmål som vert stilt og skriv ned bakgrunn for opplysningane

Start gjerne med

- Eg har lagt merke til at...

Beskriv deretter det du ser:

- Du verkar trøtt/ sint/ lei deg...
- Eg ser at du har blåmerke på armen...
- Det verkar som du ofte har vondt i magen...

TIPS TIL SAMTALEN

- **Generaliser.** Mange barn som eg snakkar med som ikkje har det så greitt heime, kan få sårne plager. Det er kanskje ikkje slik for deg. Korleis er det å vere deg heime?
- **Gjenta** det barnet seier
- **Still opne spørsmål**, ikkje leiande spørsmål
- **Bruk støtteord:** Mmm, fortel, fortel meir om det
- Bruk gjerne **gode/ vonde hemmelegheiter** som døme
- **Spør gjerne fleire gonger:** Eg er her i dag, kom gjerne innom dersom du vil snakke med meg
- Forklar kva som skjer vidare og avtal nytt møte med barnet
- Ved bruk av tolk, tydeleggjer at samtalen må bli oversett så ordrett som mogleg

AVKLAR

Eit barn kan brått og uventa fortelje om hendingar heime, i til dømes samlingsstund, i friminutt m.m. Inviter då barnet til samtale same dag i rolege omgjevnader:

- *Då du sa det.... Tidlegare i dag, kva meinte du då? Fortel*
- *Eg har tenkt sånn på det du sa tidlegare i dag om... fortel litt meir*
- *Eg har ikkje vore der, så fortel så godt du kan...*
- *Kva skjer vidare då?*
- *Nokon gonger når barn seier... så kan det vere fordi noko er vanskeleg eller rart. Er det slik for deg og?*

Vis varsemd, og lat barnet fortelje så fritt som mogleg. Ikkje spør så detaljert, det er politiet eller barnehuset som ev. avhører barnet og ynskjer å vere dei første som spør barnet om detaljane. Når barnet er ferdig med si forteljing, bekreft det barnet har sagt og tydeleggjer at det han/ ho har fortalt er viktig. **Ikkje lov barnet at du ikkje skal seie det til nokon.** Forklar at du må snakke med andre vaksne om det barnet har fortalt.

KVA GJER DU?

- Skriv ned det barnet har fortalt så ordrett som mogleg. Dokumentasjon er viktig. Noter tid og stad for hendinga. Ta vare på ev. teikningar. Skriv: *Barnet fortel...mora seier...*
- Dersom det er mogleg, ta lydopptak av samtala
- Drøft saka anonymt med barneverntenesta, krisesenteret, politiet eller overgrepsmottaket

Drøft med næraste leiar og til dømes helsesjukepleiar. Legg ein plan saman om kven som gjer kva i høve strakstiltak, bekymringsmelding og tilvising til hjelpeapparat.

Vald kan ha mange ansikt – den kan vere fysisk, psykisk, seksuell, eller handle om omsorgssvikt. Den kan og handle om frykt for ny vald eller for at ting blir øydelagt. **Følg intuisjonen din!**

Vald og overgrep kan skje i alle familiar, uavhengig av sosial bakgrunn. **Prøv å sjå bak fasaden!**

Husk: Å være vitne til vald har like alvorleg effekt på barn som å sjølv bli utsett for vald

Når du har grunn til å tru at eit barn vil komme til å bli utsett for vald har du avvergeplikt!

Kva gjer eg ved MISTANKE OM VALD OG SEKSUELLE OVERGREP MOT BARN?

- for deg som jobbar med barn, er offentleg tilsett, venn, frivillig osv.



HANDLE

AKUTT

Når du har grunn til å tru at eit barn vert utsett for vald eller overgrep eller kjem til å bli utsett for det, har du avvergeplikt.

- ved fysiske skadar
- ved symptom etter psykisk vald
- ved alvorlege truslar
- ved mistanke om seksuelle overgrep
- når barnet viser redsel for å gå heim
- når barnet vert henta av rusa foreldre
- ved mistanke om nært førestående/ gjennomført kjønnslemlestelse eller tvangsekteskap

- ✓ **Varsle politiet umiddelbart**
- ✓ **Varsle Barnevernet / barnevernvakta samtidig**

Ved synlege skadar, ta gjerne bilete. Vurder om barnet skal til lege for å sikre bevis.

Di plikt er sjølve varslinga. Politiet vil etterforske og sørge for avhør ved barnehus.

NB! Ved mistanke om vald og overgrep mot barn, skal IKKJE føresette kontaktast, med unntak av dei tilfella der føresette ikkje er mistenkt.

VIKTIGE TELEFONNUMMER I KINN – AKUTT

Politi: Er situasjonen akutt (pågåande hending med vald eller mishandling)? Ring politiet sitt nødnummer 112. Du kan og sende [Nød-SMS](#) til 112.

Barnevern 57756800 (dagtid, sentralbordet)

Resepsjon barnevern, [57756800](tel:57756800)

Barnevernvakta: 47457272 (telefonen er aktiv måndag-fredag 1530-0800, og i helg frå fredag kl.1530-måndag kl.0800.)

Samtaletelefon for barn og unge: 116111

SAMTALE, RÅD, RETTLEIING PÅ DAGTID

Politi: 02800

Resepsjon barnevern, [57756800](tel:57756800)

KVA GJER DU VED MISTANKE OM AT EIT BARN ER VITNE TIL VALD ELLER VERT UTSETT FOR VALD ELLER SEKSUELLE OVERGREP?

- ✓ **Send bekymringsmelding til barnevernet**

Den skal innehalde: Personalìa, årsak til bekymring, beskriving av kva du har sett, høyr, observert, og når. Oppgje kontaktperson og kva som allereie er gjort.

Meldinga skal sendast i samarbeid med leiar. Dersom leiar motset seg å signere, har du eit sjølvstendig ansvar for å sende meldinga med di underskrift.

Barnevernet gir meldaren tilbakemelding når melding er mottatt og undersøkinga er avslutta. Som venn eller nabo får du berre vite om meldinga er mottatt.

Her melder du [bekymring til barnevernet](#) inne på sidene til barnevernet i Kinn.

Husk!

Du skal berre melde frå om di bekymring. Det er barnevernet som gjer undersøkingar og avgjer vidare tiltak.

- ✓ **Anonyme drøftingar**

Er du usikker? Ring barnevernet for å drøfte saka anonymt. Du kan og ringe politiet tlf. 02800 for å drøfte saka.

Nasjonale nettressursar

[Bufdir.no](#) – Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet er eit fagorgan på områda barnevern, barn, ungdom og oppvekst, adopsjon, familievern, likestilling og ikkje-diskriminering og vald og overgrep i nære relasjonar. Her finn du rettleiing om kva vald er, samtalerettleiing og kva du skal gjere ved mistanke om vald.

[Dinutvei.no](#) – Nasjonal vegvisar til hjelpetilbod, informasjon og kunnskap om vald i nære relasjonar, valdtekt og andre seksuelle overgrep. Her finn du og eit spørsmål – svarteneste der du som stiller spørsmål er anonym.

[Hvorlite.no](#) – Politiet si informasjonsside om vald i nære relasjonar

KVA GJER DU NÅR SAKA ER AVSLUTTA MEN VALDEN HELD FRAM?

- ✓ **Ny bekymringsmelding til barnevernet**

Meld forholdet på nytt til barnevernet, som i mellomtida kan ha fått fleire bekymringsmeldingar.

- ✓ **Informasjon om hjelpetilbod til heimen**

Gje barn og føresette informasjon om vald i nære relasjonar og hjelpetilboda. Ein kan t.d. gjere informasjon tilgjengeleg og sende med brosjyrar heim eller dele ut på foreldremøte.

Sjå meir på sidene til [familiehjelpa i Kinn](#).

AVVERGEPLIKT!

Alle har personleg plikt til å anmelde eller på annan måte avverge og hindre straffbare forhold. Avvergeplikta (§196) inntreir ved straffbare forhold og er eit personleg ansvar, utan omsyn til teieplikt.

MELDEPLIKT

Du har ei sjølvstendig plikt til å melde frå til barnevernet ved mistanke om vald.

Kva gjer eg ved MISTANKE OM VALD MOT VAKSNE I NÆRE RELASJONAR

- for deg som jobbar med vaksne, er offentleg tilsett, venn, frivillig osv.



SJÅ

Generelt

- Sår og blåmerke
- Brann- og kuttskadar
- Sjølvskading
- Svimmelheit
- Konsentrasjonsproblem
- Søvn- og eteproblem
- Uro og utagerande åtferd
- Unnvikande
- Nedstemt, isolasjon
- Irritabilitet
- Avtaler vert ofte endra
- Personen motset seg hjelp som krev innsyn i familien
- Partner er ofte med på avtalane
- Hyppige legebesøk med diffuse symptom
- Reaksjonar ved berøring
- Bruk av rusmidlar

Eldre

- Depresjon, forvirring, angst og søvnmangel
- Eteproblem og vekttap
- Vanskjøtsel av seg sjølv
- Sprikande forklaringar på hendingar
- Fall og beinbrot
- Auka etterspurnad etter medisinar
- Sosial isolasjon
- Merker på kroppen og på kle
- Endring i økonomi
- Uvanleg pengebruk
- Endring av testament
- Manglar egedelar og verdisaker
- Hjelpeløyse og resignasjon
- Unngår kontakt med omsorgsgivar

Vald kan ha mange ansikt – den kan vere fysisk, psykisk, seksuell, eller handle om omsorgssvikt. Den kan og handle om frykt for ny vald eller for at ting blir øydelagt. **Følg intuisjonen din!**

Vald og overgrep kan skje i alle familiar, uavhengig av sosial bakgrunn. **Prøv å sjå bak fasaden!**

Vald og overgrep mot eldre er ei enkeltstående handling, gjentatte handlingar eller mangel på riktige handlingar som gjer skade, naud eller lidning hos ein eldre person.

Overgrep skjer i et forhold der det i utgangspunktet er ei forventning om tillit.

Handlingane kan vere fysiske vald, seksuelle og psykiske overgrep, økonomiske, strukturelle eller materielle overgrep samt omsorgssvikt.

Valdsutøveren kan vere ektefelle/sambuar, vaksne barn, svigerbarn, barnebarn, andre slektingar, nære personar, naboar, venner, institusjonar eller helsepersonell.

SPØR

Prøv å få til en dialog slik at valden vert erkjent.

Start gjerne med:

- Eg har lagt merke til at...

Beskriv så det du ser:

- det verkar som du ofte er mykje vekke frå jobb
- du verkar sliten.
- du har blåmerke på armen.

Fortsett med:

- Dette gjeld kanskje ikkje deg, men min erfaring er at mange som ikkje har det så greitt heime kan få sånne plager. Kva tenkjer du om det?
- Korleis har du det heime?

Eldre

Prøv å spørje om kva som har skjedd, samtidig som den eldre personen opplever seg ivaretatt av deg. Prøv å bruke den eldre sine egne ord, og ver nysgjerrig og utforskande i spørsmåla.

Start gjerne med:

- Eg har lagt merke til at...

Beskriv så det du ser:

- Har du opplevd krenkingar og truslar som mange eldre opplever?
- Er du redd for eller plaga av nokon du kjenner godt?
- Har nokon avgrensa deg i kontakt med andre?
- Bestemmer du over egne pengar?
- Kva skjer når du og den som hjelper deg er ueinige?
- Har nokon pressa deg til å gjere noko du ikkje vil?
- Har nokon hindra deg i å få nødvendig hjelp?
- Føler du deg trygg i eigen heim?

TIPS TIL SAMTALEN

- Prøv å unngå å bruke ordet vald
- Still opne spørsmål (ikkje ledande)
- Benytt aktiv lytting, som hmm..., fortel meir om det..., beskriv, kva gjorde du, kvar var du, korleis opplevde du det osv.
- Gjenta nøkkelord i det som blir sagt
- Unngå vurderingar av det som har skjedd som oi, så forferdeleg osv.

AVKLAR

Eldre

Veldig ofte vil oppførselen til ein eldre person, sjølv om dei har forvirring, fortelje deg at noko er galt. Sjølv med demens kan folk ofte formidle kjensler, dersom du tar deg tid til å lytte, observere og vere oppmerksom. Det er kapasiteten til å tru den eldre personen, utan å sjå kva som skjer, som vil auke potensialet for å oppdage og reagere på det når det skjer.

Korleis artar valden seg?

- Slag, truslar, seksuell tvang
- Lugga, brent, audmjuka eller latterleggjort
- Manglande råderett over egne pengar
- Nektast kontakt med familie og vener
- Øydelegg ting vedkomande er glad i
- Kjæledyr som vert mishandla
- Tvangsekteskap, kjønnslemlesting

Korleis artar valden seg hos eldre?

- Kutt, snøringar, punksjonssår, opne sår, blå merker, velter, misfarging, svarte auge, brannskadar og brot på haudeskallen
- Hjelpeløyse – nøling med å snakke opent
- Forvirring eller desorientering. Uforklarleg frykt
- Underernært eller dehydrert
- Ubehandla medisinsk tilstand eller over-, underdosering av medisin
- Uventa veneral sjukdom eller kjønnsinfeksjonar
- Isolert frå vener og familie av omsorgsperson(ar).

Kor alvorleg er valden?

- Når skjedde dette siste gang?
- Beskriv kva som skjedde
- Er du redd noko skal skje framover?
- Er det fare for liv og helse for deg sjølv eller barna dine?
- Har du tidlegare vert i kontakt med politiet eller krisesenter?

Risikofaktorar

Samlivsbrot, tidlegare valdsepisodar, tilgang til våpen, arbeidsløyse, økonomiske vanskar, sjukdom og rusavhengigheit kan bety auka risiko for grov vald og partnartrap.

Politi og krisesenter bør kontaktast.

✓ **Be den valdsutsette skrive ned kva som har skjedd og skjer, samt når og kvar det skjer.**



HANDLE

AKUTTE SITUASJONAR

Ved alvorlege truslar eller fysiske skadar etter vald og overgrep:

Alle som arbeidar med born og vaksne, har ansvar for å vera merksame på forhold som kan vere til skade for andre.

- Ved fysiske skadar
- Ved symptom på psykisk vald
- Ved alvorlege truslar
- Ved mistanke om seksuell tvang
- Ved mistanke om nært føreståande eller gjennomført kjønnslemlesting eller tvangsekteskap

Når du får informasjon om alvorlege truslar eller fysiske skadar etter vald og overgrep, har du avvergeplikt. Avvergeplikta inntre ved straffbare forhold og er eit personleg ansvar, og utan hinder av teieplikta. For nokon valdsutsette kan det å fortelje om vald og overgrep vere direkte farleg – valdsutøvaren sine reaksjonar kan vere så kraftige at den valdsutsette må ha akutt hjelp og beskyttelse. Forklar den valdsutsette om ditt ansvar, og kva som skal skje vidare. Oppleving av å ha oversikt er viktig i denne fasen.

- ✓ **Ring politiet 112 for å forhindre akutte overgrep og farlege situasjonar. Fortel kva du har sett, høyrte og kvifor du er redd for nye valdsituasjonar og overgrep.**
- ✓ **Den valdsutsette sjølv kan anmelde forholda, eller politiet kan ta ut offentleg påtale.**
- ✓ **Ved mistanke om valdtekt – ta kontakt med overgrepsmottaket på Førde sentralsjukehus, for undersøking og sporsikring. Unngå kroppsvask før undersøkinga.**
- ✓ **Ta kontakt med barnevernstenesta for bekymringsmelding same dag, dersom det er born i familien.**
- ✓ **Tilby den valdsutsette kontaktetablering med Krisesenteret i Sogn og Fjordane.**

Eldre

Overgrep og vald mot eldre skjer helst i den private sfæren, og utøvaren er som regel ein person som står vedkomande nær, og ofte er den eldre avhengig av overgriparen. Vald mot eldre skjer gjerne i eigen heim, på besøk hos slektningar, på sjukehus og institusjonar. Overgrep blir ofte forbunde med skuld og skam og kan vere vanskeleg å snakke om. Dersom du mistenkjer seksuelle overgrep, må du IKKJE vaske den eldre personen eller vaske kle. IKKJE la tida gå medan du tenkjer på handlingsforløpet. Ring politiet med ein gong då dei er ekspertar og vil ha ferdigheitene, kompetansen og utstyret til å gå riktig og sensitivt fram.

KVA GJER DU?

Når den valdsutsette har fortalt om livssituasjonen sin, er målet å motivere dei til å ta kontakte og ta i mot hjelp frå hjelpeapparatet.

✓ Anonyme drøftingar

Er du usikker på kva du skal gjere, kan du drøfte saka anonymt med politiet eller krisesenter. Ring og avtale ein samtale med fagpersonar. Dersom du ikkje vil snakke med politiet, bør du snakke med fastlegen din, ein heimesjukepleiar eller nokon andre som du stoler på.

✓ Informasjon om hjelpetilbodet til den valdsutsette

- Hjelp den valdsutsette med å finne informasjon om hjelpeapparatet!
- Har arbeidsplassen din skriftlege brosjyrar om temaet – sjå på dette saman. Søk opp kontaktinformasjon mm på nettet.
- Dersom den valdsutsette har behov for det, hjelp til med å laga avtalar med andre og bli med.

✓ Born i familien – har dei vore vitne til eller utsett for vald?

Husk: Å være vitne til vald har like alvorleg effekt på barn som å sjølv bli utsett for vald.

- Ta kontakt med barnevernstenesta snarast. Dei har døgnopen vakttelefon på nummer [47 45 72 72](tel:47457272) for akutte henvendingar.
- I ikkje-akutte saker kan ein nytte seg av meldingsskjema, som ligg på kommunen sine heimesider, eller ta direkte kontakt.

AVVERGEPLIKT!

Alle har personleg plikt til å anmelde eller på annan måte avverge og hindre straffbare forhold. Avvergeplikta (§196) inntre ved straffbare forhold og er eit personleg ansvar, utan omsyn til teieplikta.

Rettleiingssamtale på familievernkontoret eller krisesenteret

Inviter valdsutsette til avtale med familievernkontor eller krisesenteret. Krisesentera har særleg erfaring med å vurdere tryggleiken og hjelpe valdsutsette, gje råd og rettleiing om korleis ein skal komme seg ut av skadelege relasjonar. Valdsutsette treng ikkje bu på krisesenteret for å få oppfølging der.

Nasjonale nettressursar

Bufdir.no – Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet er eit fagorgan på områda barnevern, barn, ungdom og oppvekst, adopsjon, familievern, likestilling og ikkje-diskriminering og vald og overgrep i nære relasjonar. Her finn du rettleiing om kva vald er, samtalerettleiing og kva du skal gjere ved mistanke om vald.

Dinutvei.no – Nasjonal vegvisar til hjelpetilbod, informasjon og kunnskap om vald i nære relasjonar, valdtekt og andre seksuelle overgrep. Her finn du og eit spørsmål – svarteneste der du som stiller spørsmål er anonym.

Hvorlite.no – Politiet si informasjonsside om vald i nære relasjonar

VIKTIGE TELEFONNUMMER I KINN – AKUTT

Politi: Er situasjonen akutt (pågåande situasjon med vald, truslar eller mishandling)? Ring nødnummer 112. Du kan og sende [Nød-SMS](tel:112) til 112.

Krisesenteret i Sogn og Fjordane 57 74 36 00
Overgrepsmottaket i Sogn i Fjordane 57 83 23 00
Legevakta i Kinn kommune (15.30 –08.00) 116 117
Barnevernvakta: 47 45 72 72 (telefonen er aktiv måndag-fredag 1530-0800, og i helg frå fredag 1530 - måndag kl 0800.)
Samtaletelefon for barn og unge: 116 111

RETTLEIING PÅ DAGTID

Politi: 02800
Barnevern 57 75 68 00 (dagtid, sentralbordet)
Måløy legekantor 57 84 52 30 (08.00-16.00)
Florø legekantor 57 75 80 00, hastenummer 57745113 (08.00-15.30)
Familiehjelpa i Kinn 41 48 79 54
Familiekontora for Sunnfjord og Sogn (Florø) 46 61 92 80
Familiekontoret for Nordfjord (Måløy) 57 86 49 90
Krisesenteret i Sogn og Fjordane 57 74 36 00
Kompetanseteamet mot tvangsekteskap og kjønnslemlestelse 47 80 90 50
Vern for eldre – nasjonal kontakttelefon: 80 03 01 96